



Saksframlegg

Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Ungdomsrådet		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Innspel høyring forskrift på skulereglar ved Gimle skule
- 2 SU, SMU høyringsresultat til rektor ved Gimle skule, Søknad om permisjon frå opplæring og Skulereglar.pdf
- 3 Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune - revidert versjon 2

Bakgrunn for saka:

Bakgrunn for saka: I samband med innføring av ny opplæringslov for grunnskule, skal alle kommunar lage og godkjenne lokale forskrifter på nokre område. Ein har lagt malane som er publisert av Utdanningsdirektoratet som grunnlag og ein av forskriftene er « Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune.»

Forskrifta har vore på høyring hjå elevar, tilsette i skulen, elevrådet og samarbeidsutvalet, samt foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for oppvekst og utdanning;

Ha fokus på barn og unge si fysiske og psykiske helse og livsmeistring.

Legge til rette for dialog med barn, unge og føresette.

Tidleg innsats, inkludering og toleranse som førebyggjande tiltak.

Gimle skule har frå tidlegare forskrift om ordensreglar frå 2021 og mykje av dette er vidareført i ny lokal forskrift.

Foreldreutvalet, samarbeidsutvalet og elevrådet har rett til å uttale seg om saker som gjeld skulen og innan høyringsfristen kom det tilbakemeldingar frå Samarbeidsutvalet, Foreldreutvalet og elevrådet.

SFO og leksehjelp ikkje er ein del av skuletida, og dermed ikkje omfatta av skulereglane. På ein del område kan slike reglar samsvare med skulereglane, men det er til dømes ikkje heimel for bortvising frå SFO eller leksehjelpa. Ein ynskjer difor å lage egne reglar for desse seinare.

Endre § 3, avsnitt 1:

Reglane gjeld på skulen, i skuletida, på skulevegen, i det digitale rommet og på ulike arrangement i regi av skulen (t.d. skuleturar).

Kommentar til prikkpunkta frå elevrådet:

Prikkpunkt 1: står spesifisert i §§ 8 og 11 i forslag til forskrift.

Prikkpunkt 2 og 3: står spesifisert i § 7, punkt 13, men ein legg til «etter avtale med lærar»

Endre § 7 punkt 13:

Bruke av digitalt utstyr (mobil, digital klokke, nettbrett, pc) skal gjerast i tråd med skulen sine reglar, reglar for godt nettvett og etter avtale med lærar.

Prikkpunkt 4: dette ligg inne i dagens standar som lærarane brukar for oppstart av skuledagen og er ikkje ein del av forskrifta.

Prikkpunkt 5: skulen har ansvar for elevane i skuletida og ei utviding av området vil krevje fleire vaksne.

Ein forstår at det kan vere fint å ta seg ein tur på byn med jamne mellomrom, men skulen skal i vareta alle elevar og ikkje bidra til sosio-økonomiske ulikheitar.

Trafikktryggleik og krenkande åtferd utanom skulen sitt området er også eit viktige element i ei slik vurdering.

Skulen har i dag ei kantine som serverar god mat til elevane og er eit viktig bidrag til godt kosthald og inkludering. Utanom den har skulen fleire ulike arrangement som inkluderar dette med gotteri og anna.

Ein opprettheld § 4 punkt 12 og § 7 punkt 12.

Prikkpunkt 6: er ivareteke i standarane til skulen. Det er lov å kaste snoball på oppmerka blink.

Prikkpunkt 7: her viser ein igjen til prinsipp om kosthald, inkludering og sosio-økonomiske ulikheitar. Elles kan ein gjere avtale med lærar, jamfør § 7 punkt 12.

Prikkpunkt 8: Leksehjelp er ikkje omfatta av skulereglane, men den er i skulen sin regi og ein viser igjen til prinsipp om kosthald, inkludering og sosio-økonomiske ulikheitar.

Prikkpunkt 9: Det er ganske fleksible reglar på om elevane kan vere ute eller inne i løpet av dagen og det er ingen nasjonale nedregrense på minusgrader. Skulen startar kl 08.20 og ein har allereie ein praksis på at elevane kan kome inn kl 08.10. Å sleppe inn elevar t.d kl 08.00 vil igjen handle om kapasiteten på vakter.

Ein må utøve skjønn på dagar med utfordrande ver, som blant anna storm, torden og kulde.

Prikkpunkt 10 er i vareteke i § 6 punkt 3. Elevane har ulike behov og plikta til tilpassa opplæring gjeld også for lekser. Så lærar kan tilpasse inn mot enkelt elev om behov, men skal ikkje spesifiserast i denne forskrifta.

Prikkpunkt 11 er ein viktig del av trygt og godt skulemiljø. Skulen har ansvaret for elevane til skuledagen er slutt og at eleven får den hjelpa dei treng til skulearbeidet.

Ved tentamen og eksamen kan ein reise frå skulen tidlegare.

Prikkpunkt 12: dette er ei god tilbakemelding og viktig at ein brukar tid på. Punktet er allereie lagt inn i oppgåve-årshjulet for skulen.

Kommentar til prikkpunkta frå Samarbeidsutvalet og Foreldreutvalet:

Som nemnd tidlegare i saka er ikkje SFO og leksehjelp ein del av skuletida og er difor teke ut av skulereglane og bortvising.

Når det gjeld spørsmålet om flytting av ein elev til anna skule er dette ein regel som skal brukast heilt unntaksvis, men som bør stå i ei forskrift. I slike tilfelle kan Fyresdal nytte seg av skuleplass i ein av nabokommunane.

Prikkpunkt 1 og 2 er justera.

Endre § 4 punkt 12:

Vi held oss innanfor skulens område.

Endre § 7 punkt 4:

Ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt, digitalt eller kroppsspråkleg.

Konklusjon:

Mykje er i vareteke i skulen sine rutinar og forskrift i dag. Men det er viktig at tilsette og elevar går igjennom reglane på nytt for å få ein felles forståing.

Nye endringar ligg i raudt i nytt forslag til Forskrift om skulereglar for Fyresdal kommune.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune blir vedteke med dei endringar som ligg føre.

Endre § 3, avsnitt 1:

Reglane gjeld på skulen, i skuletida, på skulevegen, i det digitale rommet og på ulike arrangement i regi av skulen (t.d. skuleturar).

Endre § 4 punkt 12:

Vi held oss innanfor skulens område.

Endre § 7 punkt 4:

Ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt, digitalt eller kroppsspråkleg.

Endre § 7 punkt 13:

Bruke av digitalt utstyr (mobil, digital klokke, nettbrett, pc) skal gjerast i tråd med skulen sine reglar, reglar for godt nettvett og etter avtale med lærar.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst